



Uskedal oppvekstsenter er blant dei skulane utvalet ynskjer skal prioriterast for utbetring. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen oppvekstsenter er ein av fem skular som blir prioritert for utbetring av eit utval som har vurdert alle 17 skulane i kommunen. Totalt er det naudsynt å investera 10 millionar kroner i oppvekstsenteret.

Dei andre prioriterte er ungdomsskulen i Rosendal, Undarheim skule, Omvikdalen oppvekstsenter og Sunde oppvekstsenter.

Saka skal opp i formannskapet 16. august og rådmannen går inn for at rapporten skal sendast ut på høyring til aktuelle instansar før politisk handsaming. Uttalefristen bør vera 1. oktober, meiner rådmannen. Deretter skal utvalet leggja fram si endelege innstilling.

Med i utvalet har vore Truls A. Zimmer (sekretær), Bjørn Vaage (kommunal fagleg representant), Erling Boland (Ap), Edmund Berge (TS) og Synnøve Handeland (V).

Utvalet har lagt til grunn at ingen skular skal leggjast ned sjølv om mange politikarar har teke til orde for at dei vil sjå på skulestrukturen i haust. Utvalet legg til grunn at skulane skal fungera i 20 år framover.

Rapporten fortel om elendige tilhøve ved dei fleste skulane og det vil kosta 275 millionar å gjera noko med dei. Rapporten er ikkje nokon særleg lysteleg lesnad for politikarane midt i valkampen.. SV har gått lengst ved å seia at talet bør reduserast til 10.

Uskedalen oppvekstsenter vart bygd i 1965 og utbeta/påbygd i 1993 og 1003. Men huset har ytterveggar som ikkje har vore rehabiliterte sidan byggjinga. Ein må gå ut frå at desse er i svært dårleg forfatning då dette var tilfelle for dei som vart skifta ut i 2003, skriv Truls A- Zimmer i tilstandsrapporten, som ellers har desse konklusjonane:

- * Trafikken til skulen må slusast inn ved barnehagen og 'gamlevegen' gjerast om til gongveg.
- * Det må installerast ny varme og ventilasjon i klasseromsfløya, der det i dag kun er dårleg avtrekk og tillufta kjem gjennom utette ytterveggar og vindauge. Fløyen treng også å bli brannsikra.
- * Det er små garderober for dei tilsette og få grupperom.
- * Golvbelegget i elevgongen er frå 1965 og det er gliper ved utgangsdører.
- * Rehabilitering av dører, golvbelegg og infrastruktur av arbeidsrom.
- * Det er nokre lekkasjer i gongen, også i den nye idrettshallen.

Utvalet prioriterer både trafikksikringstiltak for 250.000 og rehabilitering av klasseromsfløy for 9,65 millionar på topp - framfor garderober og wc for dei tilsette for 100.000 .

Av Ola Matti Mathisen